SNR
STORD NÆRINGSRÅD

Næringsalliansen Vestland møtte vestlandsbenken på Stortinget 15. mai. Ei av dei viktige sakene som vart løfta fram var Hordfast og ferjefri E39.

2024
ÅRSMELDING

snr.no

Rolege dagar?

«Vi har faktisk aldri hatt det så travelt som no, det renn inn med forespørslar. Det må ha skjedd noko voldsomt positivt – folk finn oss!»

Frøydis N. Mathisen, Marknadsansvarleg i Nordic Fender

zpirit

Nysgjerrig på kva SEO og digital markedsføring kan gjera for din nettstad?
Ta kontakt så hjelper me deg! zpirit.no

Året 2024

Årsmeldinga er utforma av Zpirit Reklamebyrå

Året 2024 har gitt oss nye påminningar om at vi lever i ein fredeleg krok i verda, samstundes som om krig og konfliktar har prega nyhendebilete. Krig i Ukraina og Gaza påverkar oss på ulike måtar, men og næringslivet vert påverka av energikostnadar, usikre leveransar og endra fokus hjå leverandørar og kundar.

Våre medlemmer melder om eit aktivt år der mange piler peikar oppover. Aker Solutions har svært høg aktivitet no og alt tilgjengeleg mannskap i arbeid. Dette er med på å auke omsetnad for alle underleverandørar, tenesteytarar og butikkar på Stord. Vi er heldige som har store verksemder som ønskjer å vere med å bygge Stordsamfunnet.

Kraftgruppa til InvestIN Sunnhordland har laga ein rapport for kraftsituasjonen i Sunnhordland som er dramatisk. Oppgradering av Litlabø transformatorstasjon står som eit svært viktig punkt for å sikre tilstrekkeleg kraft til utviding og nyetablering av næringsverksemd. Stord Næringsråd jobbar saman med kraftgruppa for å løfte fram denne problemstillinga i alle aktuelle forum.

Kompetanse, korleis vi tileignar oss det sjølve og korleis vi tiltrekk ny arbeidskraft blir viktigare framover. Våre medlemmer fortel at det no er utfordrande å få inn rett kompetanse i utlyste stillingar. Dei demografiske framskrivingane tilseier at dette blir endå meir krevjande i tida framover. SNR jobbar godt inn mot både vidaregåande- og høgskule for å sikre at det blir utdanna den kompetansen næringslivet på Stord har bruk for.

Samferdsle er eit av dei viktigaste emna for næringslivet på Stord. I år har vi arrangert møter om Hordfast, både på Stord og konferanse på Flesland. Vi har mellom anna svart ut høyringar om Nasjonal transportplan, E134 Arm til Bergen, kommuneplan E39 og Kollektivterminal i Leirvik.

Det har skjedd mykje på arrangementsfronten med 10 frukostmøter, seminar, Snøggtreff, og U37 arrangement.

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar

VISJON

SNR skal vere det sjølvskrivne fora for diskusjon av spørsmål som vedkjem næringslivet på Stord

MÅL

1. SNR skal vera ein synleg interesse-organisasjon

2. SNR skal vera talerøyr for næringslivet i Stord kommune

3. SNR skal arbeida for eit lokalsamfunn med fokus på berekraftig verdiskaping

4. SNR skal styrkja Stord sin identitet som by, og som handels- og regionsenter

5. SNR skal driva i økonomisk balanse

Medlemsutvikling

183
medlemmer
(Pr. 31.12.24)

22
nye medlemmer
i 2024

4
medlemmer
gjekk ut i 2024

Næringsalliansen Vestland 2024

Næringsalliansen Vestland er eit samarbeid mellom 17 næringsråd og -foreiningar i heile Vestland fylke. Gjennom 2024 har det vore gjennomført fire møte i alliansen. Eitt av desse fann stad i Oslo, der alliansen for første gong møtte vestlandsbenken på Stortinget.

Formål og strategi

Samarbeidsavtalen for Næringsalliansen Vestland slår fast at den skal vere grunnlaget for eit forsterka og inkluderande samarbeid mellom dei private næringsforeiningane i regionen. Avtalen peikar særleg på fire hovudmål:

- Meir kraft i påverknads- og lobbyarbeidet, særleg regionalt og nasjonalt.
- Fellesorganisert talerøyr ovanfor Vestland fylkeskommune.
- Framstå samla i utvalde saker, også som høyringsinstans regionalt og sentralt.
- Utveksling av kunnskap og erfaringar, nettverksdeling.

Måloppnåing

Det er positivt å kunne slå fast at det har vore arbeidd godt for å nå alle desse fire måla. Særleg er det grunn til å trekke fram møtet med vestlandsbenken på Stortinget. Saman med einskilde verksemder frå utsette næringar, hadde vi eit godt møte med politikarane frå valdistrikta Hordaland og Sogn og Fjordane. Det gir oss eit høve til å løfte viktige saker opp på eit nasjonalt nivå.

Næringsalliansen arrangerte i januar eit ope møte i Bergen, saman med Aksjon for norsk eigarskap. Temaet var formuesskatten, ei sak som mange verksemder i heile Vestland er svært opptekne av. Samarbeidet med Aksjon for norsk eigarskap gir óg eit gjennomslag på nasjonalt nivå.

Regionalt har vi hatt god kontakt både med administrativ og politisk leiing i Vestland fylkeskommune. Næringsalliansen Vestland vert av desse oppfatta som eit viktig talerøyr for næringslivet i heile fylket. Vi set pris på at representantar på høgt nivå i fylkeskommunen set av tid til å møte oss og lytte til våre innspel. Mykje av dette skjer i mindre formelle samanhengar. Formelt har Næringsalliansen gitt høyringsfråsegn om Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.

Regjeringa sitt framlegg til Nasjonal transportplan 2025-2036 vart lagt fram i mars. Næringsalliansen gav i april eit skriftleg innspel til framlegget. NTP vart vedteken i Stortinget i juni, med verknad frå 1. januar 2025.

Utveksling av erfaringar, arbeidsmetodar og deling av utfordringar er noko av det viktigaste alliansen kan leggje til rette for. Dei einskilde næringsråda og -foreiningane er svært ulike av storleik og ressursar, men utbytet

Styret har i 2024 hatt denne samansetjinga:

Odd Naustdal
Aker Solutions
Styreleiar

Randi Beathe Hovland
Stord Helsepark
Nestleiar

Einar Almås
Sparebanken Vest
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre
Høgskulen på Vestlandet
Styremedlem

Nina Lovise Langeland
Galleri Giga
Styremedlem

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Aktiv Eiendomsmekling
Styremedlem
– Ansvarleg Nettverk U37

Oddvar Hårde
Zpirit
Styremedlem

Reinert Horneland
Blinkhus Valvatne
Varamedlem

Tor Gjøsæter
Ilder
Varamedlem

Den framlagde resultatrekneskapen og balanse med tilhøyrande noter, gjev etter styret si oppfatning eit korrekt bilete av resultatet i 2024 og den økonomiske stoda ved årsskiftet. Stord Næringsråd har i 2024 hatt fire hovudsamarbeidspartnarar. Resultatrekneskapen syner eit overskot på kr 254 727,-.

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestar styret at føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Det har gjennom året vore ein tilsett i næringsrådet, dagleg leiar i 100 % stilling.

Det har vore åtte styremøte i 2024. Det er i 2024 ikkje utbetalt løn eller honorar til styret.

Arbeidsmiljøet er godt, og det er ikkje rapportert om skader eller ulykker på arbeidsplassen. Verksemda medfører korkje forureining eller utslepp som kan vera til skade for det ytre miljø.

av å dele gode og målretta løysningar og arbeidsformer har vi felles.

Viktige saker

Næringslivet i Vestland står ovanfor store utfordringar. Bygg- og anleggsbransjen opplever nedgang, og fleire bedrifter har gått konkurs. Samstundes manglar fleire bransjar, særleg innan teknologi og industri, kompetent arbeidskraft. For å sikre framtidig verdiskaping må fagopplæring, lærlingordningar og desentralisert skuletilbod styrkast. Mange verksemder slit med å rekruttere kvalifiserte arbeidstakarar, og dette er ei utfordring som må løysast i samarbeid med utdanningssektoren og styresmaktene.

Verkemiddelapparatet i fylkeskommunen har vore tungvint, særleg læreplassgarantiordninga, som ikkje har fungert optimalt for å sikre lærlingar plass i bedriftene. Dei fleste tiltaka har vore retta mot rekruttering til yrkesfag, men det må òg leggjast til rette for at lærlingar får fullført utdanninga si i bedrift. Næringsalliansen held fram dialogen med fylkeskommunen i 2025 for å gjere ordningane meir effektive og næringsvenlege.

Tilgang på stabil og berekraftig energi er avgjerande for vidare industriell utvikling i Vestland. Næringsalliansen arbeider aktivt for å sikre auka nettkapasitet og meir fornybar kraft til regionen. Dette er spesielt viktig for industrien, som er avhengig av forutsigbare og kostnadseffektive energiløysingar. Samstundes held vi fram arbeidet med å sikre betre samferdsleløysingar i fylket, med vedlikehald av eksisterande infrastruktur og utvikling av nye transportløysingar.

Næringsalliansen har vore involvert i fleire prosjekt for å styrke næringslivet i Vestland:

• North Sea Energy Forum vil i 2025 fokusere på kunnskapsgrunnlag og data for energisektoren. Dette samarbeidet mellom Noreg og Storbritannia skal styrke energisamarbeidet og tiltrekkje investeringar i fornybar energi.

• Kompetanseforum Bergen planlegg ei ny kartlegging av kompetansebehovet i 2025. Regionale kompetansefora kan gjennomføre tilsvarande kartleggingar for å gi innsikt i kva arbeidskraft næringslivet treng framover.

• Dashboardet Verdiskaping i Vestland gir oppdatert innsikt i verdiskaping og sysselsetjing, og bidrar til betre strategiske avgjerder for næringsliv og styresmakter.

Næringsalliansen er også ein aktiv part i Næringsforum Vestland og One Ocean Havbyen Bergen, der vi jobbar for å forankre havnæringane i regionen. I 2024 var vi representant for næringslivet i styringsgruppa til Invest in Bergen, men grunna manglande kommunal støtte må arbeidet organiserast på nytt i 2025.

Gjennom året har Næringsalliansen gjennomført fleire medlemsundersøkingar for å kartleggje næringslivet sine utfordringar og behov. Resultata har gitt verdifulle innspel til politisk påverknadsarbeid og synleggjering av viktige saker i media.

Bergen Næringsråd fungerer som administrativ ressurs for Næringsalliansen Vestland. Verksemda er hovudsakleg finansiert gjennom medlemskontingent, men i 2024 fekk vi òg ei viktig stønad frå Sparebanken Vest. Denne støtta gir oss betre moglegheiter til å vidareutvikle alliansen og styrke næringslivet i fylket.

Næringsalliansen i Hordaland er samansett av desse 17 næringsforeiningane:

Askøy Næringsråd
Austevoll Næringsråd
Bergen Næringsråd
Bjørnafjorden Næringsråd
Bømlo Næringsråd
Fikse Næringsforening - Etne og Vindafjord
Hardanger Industri
Kvam Næringsråd
Kvinnherad Næringsservice
Nordhordland Næringslag
Osterøy Industrilag
Sogn og Fjordane Næringsråd
Stord Næringsråd
Tysnes Næringsråd
Vaksdal Næringsselskap
Vest Næringsråd
Voss Næringsråd

6. juni - 2024

Stordkonferansen

163 deltakarar fekk med seg konferansen på Stord hotell i år. Energiindustrien i ei uroleg tid var tema, og vi fekk høyre både om storpolitikk i USA, Vestlandet etter Rogfast og Aker Solutions, ei hjørnesteinsbedrift med visjonar. Halvor Folgerø og Finn Tokvam leia oss stødig gjennom dagen med skråblikk, musikk og kloke ord.

Me vart klokare på kva Grøn region vestland og Stord Transition Hub er og fekk ei god påminning på kva det vil seie å rekruttere unge til jobbar hjå oss.

Det vart tid til mingling og nettverksbygging, både i pausane på dagen og på vorspiel i Gjøa. Kvelden vart avslutta med middag og lett underhaldning på Stord folkehøgskule.

Sail Away for Johan Castberg

Finansminister, direktørar og medarbeidarar var samla ved Aker Solutions sitt verft på Stord for å markere sail away for FPSO Johan Castberg. Johan Castberg har i mange år vore eit stort og viktig prosjekt for både Aker Solutions og fleire hundre leverandørar. Prosjektet har mogleggjort store investeringar i anlegg, teknologi og kompetanse. Med den oljeprisen vi har i dag er det rekna med at prosjektet går i pluss innan det har gått eitt år.

Årsfesten 2024

Salt Ship Design sitt flotte lokale og restaurant var lokasjon for vorspiel og årsfest. U37 sørga for at alle fekk mingla i lag på quiz på vorspielet. Åtgaum leverte mat og drikke, medan Roar Brekke stod for stand-up. Ei feststemt forsamling som kosa seg gjennom både leik, mat og utdeling av næringspris.

U37

STORD NÆRINGSRÅD

Nettverk U37 har hatt fleire arrangement gjennom 2024, mellom anna korleis ein kan komme i gang med bonussparing på flyreiser i samarbeid med DnB og ein quiz i samarbeid med Aker Solutions.

Nettverk U37 har som mål å skape ein god arena for sosialt samvær, nettverksbygging og oppdatering på kva som skjer på Stord. Arenaen skal vera for alle aktive, samfunns- og næringslivsinteresserte på Stord.

Her skal ein få oppdatering på kva som skjer på Stord, knyte kontaktar og byggje relasjonar - på tvers av fag og bransjar. Dette vil gje overføringsverdi mellom bransjane, og gje moglegheit for å dela kunnskap og erfaringar.

I tillegg skal Nettverk U37 vera stemma til dei unge vaksne i Stord Næringsråd, og på denne måten ha moglegheit til å påverka utviklinga i næringslivet på Stord. Nettverk U37 vert styrt av ei styringsgruppe på inntil 8 personar frå ulike bransjar. Utskiftinga skjer ved fylte 38 år, og resterande gruppemedlemmer skal då foreslå ny kandidat, som skal veljast av gruppa.

Desse er med i styringsgruppa for Nettverk U37:

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Aktiv Eiendomsmegling - leiar

Johanne Gjøsæter
Multiconsult

Sverre Røgenes
Aker Solutions

Oddgeir Randa Heggland
Sustainable Energy

Hedvig Steinsvåg Hansen
ABO Plan & Arkitektur Stord

Christian Myklebust
DNB

Ta kontakt med desse om du vil verta ein del av Nettverk U37.

Næringsprisen 2024 gjekk til Subshore. Banksjef Svein Ottesen deler ut prisen til dagleg leiar Atle Wigum.

Næringsprisen 2024

Subshore

Atle Wigum, dagleg leiar i Subshore, tok imot prisen på vegne av verksemda. I takketalen la han vekt på at det var ei ære å få bli nominert og løfta fram av næringslivet på Stord. Prisen kunne ikkje ha kome utan gode kollegaer, kundar og leverandørar. Ikkje minst var han glad for at samfunnsengasjementet vart løfta fram i grunngjevinga.

Næringsprisen er eit samarbeid mellom Stord Næringsråd og Sparebanken Vest. Næringsprisen skal bidra til å skapa merksemd rundt næringslivet, og gje honnør til dyktige næringslivsaktørar. Sjølve prisen er i år skulpturen "Posøren" laga av kunstnaren Leif Hedman som heldt til på Fitjar.

I grunngjevinga frå juryen heiter det:

- Subshore har hatt ein solid og god vekst over fleire år. Verksemda strekker no over fleire land og har over 600 tilsette.
- Verksemda er tru mot eigen idé og filosofi. Dei bidreg til verdiskaping på Stord gjennom støtte og gode tenester til verftsindustrien. Deira opplæringsprogram gjennom «Subshoreskulen» viser eit ønskje om å utvikle å ta vare på medarbeidarane.
- Subshore bryr seg! Gjennom sitt engasjement inn mot born og unge på Stord, gjennom Robotklubben, First Lego League og sponsormidlar til ei rekke lag og organisasjonar, skaper verksemda bulyst og arbeidslyst på Stord.

Frukostmøta

- vår faste møteplass for påfyll og relasjonsbygging

2. februar

Saman med DNB heldt vi lunchmøte der sjeføkonom Kjersti Haugland gav oss si vurdering av vegen vidare for den økonomiske aktiviteten ute og heime, renteutsikt og kronekurs.

22. april

Frukostmøte med BDO der vi fekk lære om arv og overføring til neste generasjon. Korleis ein kan tilpasse eit generasjonsskifte best mogleg, mellom anna for å redusere skatt og formueskatt.

14. mars

Meir kraft, meir nett og meir effektiv bruk av energien var tema då Stord Næringsråd inviterte til frukostmøte saman med Haugaland Kraft. Tilstrekkeleg tilgang på kraft er ei av dei viktigaste sakene SNR jobbar med.

25. april

Krasjkurs i AI på frukostmøte med KPMG. Me fekk høyre litt om korleis KPMG ser AI slå inn over næringslivet og fekk nokre praktiske eksempel.

13. juni

Azets Insight lærte oss på dette frukostmøte kva psykologisk kapital er. Den psykologiske kapitalen legg vekt på forvaltning og utvikling av heile mennesket og er ein føresetnad for å lukkast med positiv organisasjonsutvikling og vekst.

29. august

Berekraftsdirektivet CSRD – kva betyr det for di bedrift. BDO hjelper oss med å navigere i jungelen av nye direktiv, krav og fristar knytt til berekraft.

19. september

Full aktivitet, opprusting og bygging på verftet var stikkorda då Aker Solution presenterte seg på frukostmøte. Vi fekk så at fornybarprosjekta ruva på verftet og høyre meir om strategien framover.

15. oktober

Multiconsult jobbar med mange forskjellige og spennande prosjekt i vårt nærområde. Vi fekk høyre om både akvakultur, karbonfangst og lagring og elektrifisering av sokkelen.

29. oktober

Sparebank 1 Sør-Norge og Sparebank 1Forettningspartner heldt lunchmøte der spørsmålet var om det vart verre før det vart betre. Konjunkturbarometer tek tempen på bedriftene i heile Sør-Noreg.

21. november

Frukostmøte der BDO presenterte sin bransjeanalyse for bygg og anlegg. Korleis nytte mulighetane i marknaden og sikre verksemda for framtida.

11. januar

SNR Snøggtreff.

Deltakarane får nøyaktig tre minutt til å presentere seg sjølv, sitt produkt eller sin idé. God trening i å legge fram det viktigaste og ein god nettverksplass

8. februar

Veikonferansen i Aksdal.

Der E39 møter E134 samlar næringsliv og politikarar seg for å ha fokos på og få siste informasjon om prosjekta på vegane.

9. april

Det er vår tur!

Mobiliseringskonferanse for Vestland i Nasjonal transportplan. Næringslivet står saman frå Stavanger til Bergen for å løfte fram Vestlandet sitt behov.

23. april

171 næringsråd og -foreiningar samlar seg no under éin paraply

Saman representerer dei 30.000 bedrifter og rundt 750.000 tilsette. – Det gir oss ei tyngde og ei gjennomslagskraft som vil vere svært viktig, seier Monica Mæland, administrerande direktør i Bergen Næringsråd.

7. mai

Sail away Johan Castberg

Finansminister, direktørar og medarbeidarar var samla ved Aker Solutions sitt verft på Stord for å markere sail away for FPSO Johan Castberg. Skipet er no klart for sjøprøvar og siste finpuss før det skal segle nordover til Barentshavet for oppkopling.

13. august

Enklare med DAT

No kan du nytte Domestic Transfer når du kjem frå utlandet og skal vidare med DAT. Det er gode nyheiter for dei passasjerane som kjem frå utlandet til Oslo med SAS, Widerøe eller Atlantic Airways og reiser vidare innanlands med DAT. No er det nemleg mogleg å nytte Domestic Transfer, som betyr at ein ikkje lenger treng å hente bagasjen sin på Oslo lufthamn. Bagasjen blir sendt direkte til din sluttdestinasjon.

30. oktober

Yrkesfagdag

10. klassingar frå ungdomsskulane på Stord, Fitjar, Tysnes og Austevoll fekk informasjon om yrkesfag og høve til å snakke med lærlingar innan mange ulike fag. For 4. gong vart det arrangert yrkesfagdag i regi av Bu i Sunnhordland og Ytre Sunnhordland Opplæringskontor (YSO).

3. desember

Hordfast AS blir til Stavanger2Bergen AS.

Strategikonferansen der aksjonærar og interessentar blir samde om å utvide til å dekke alle vegstrekker på E39 mellom Stavanger og Bergen.

Medlemmer

ABB AS
ABO Plan & Arkitektur Stord AS
ADECCO GROUP NORWAY AS
Advokat Astrid Aksnes
Advokatfirmaet Responsa AS
Advokatkontoret Sunnhordland AS
Aker Solutions AS
AKTUM EIGEDOM AS
Alde Akva AS
ALLTEC AS
Almaas Hotell Stord AS
ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN
ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN
Aritech AS
Assist Haugesund AS
Atea AS
ÅTGAUM AS
Atheno AS
Azets Insight AS
BAKERIET FRUGÅRD AS
BDO AS Avd Stord
BEKKJARVIK GJESTGIVERI HOTEL & SUITES AS
BLADET SUNNHORDLAND AS
Borgen advokatar AS
BRALUNSJ AS
BREEZE SHIP DESIGN AS
Brilleriet Stord AS
BYPASS SKREDSIKRING AS
Byrået Design & Profilering AS
COAST APARTMENTS AS
COGNIZANT OIL AND GAS CONSULTING SERVICES NORWAY AS
Contesto AS
DNB BANK ASA
ECIT Stord AS
Eldøyane Næringspark AS
ELIE VERKSTAD AS
Engelsen Entreprenør as
Engevik & Tislevoll AS
Engevik Byggsenter AS
EY SKYE CONSULTING AS
FALCK NORGE AS
Fitjar Kraftlag SA
Fitjar Næringsråd
Fitjar Småbåt As
Fitjar Soapbox AS
Fotograf Øyvind Hjelmen
Framcom AS
Fronta AS
FRONTA BYGG AS
Funkworks AS
Future Solutions AS
Fylkesnes Bil AS
Galleri 2.0 AS
GAMLE FENGSELET KULTURHOTELL AS
GB STORD AS
Genie AS
Grov Forskaling AS
Grov Grasklypp AS
Gullfjell Consulting AS
Gunvald Ottesen
Haga Mat AS
HATLEVIK AS
Haugaland Kraft AS
Haugaland Taxi AS
Haugesund Sparebank
Heiane Bil AS
Heiane Storsenter Drift AS
HSD Sunnhordland Drift AS
HSO-Haugaland & Sunnhordland
HUMAN AS
HYDROGEN SOLUTIONS AS
Hyr Bergen AS
Høgskulen På Vestlandet
IBOX Profil AS
IF Skadeforsikring
ILDER AS
Industrifiber AS
Ing Øyvind Jørgensen AS
Invia AS
ITEAM 2 AS
K J BRUSDAL AS
Kattnakken AS
KINNARPS AS
Kleivo Holding AS
Knut Øivind Markhus
Kontado AS
KPMG AS
Kunnskapshuset AS
Laastad Pluss & Minus AS
LANGLI TAKST AS
Leirvik AS
Lekendelett.net - Kjetil Fyllingen
Link Arkitektur AS

Foto: Tor Reeser

MARITIME CLEANTECH
MILES AS
MINUS SOLUTIONS AS
Miti
MULTICONSULT NORGE AS
Nest Design AS
NHO ELEKTRO SUNNHORDLAND
NITO - NORGES INGENIØR - OG TEKNOLOGORGANISASJON
Nobel Mote AS
Norce Norwegian Research Centre AS
Norconsult Norge AS
NORGESHUS MESTERBYGG SUNNHORDLAND AS
Norsea Logistics AS
NORWEGIAN MOORING AS
Novaform AS
OLE VAAGEN MINERALVANNFABRIKK AS
Opero AS
Pacta Holding as
Print og Ramme AS
PTG WINNTECH AS
Ragn Sells AS
Renevo AS
Renta AS avd Stord
SAGVÅG APOTEK AS
SALT SHIP DESIGN AS
SELE OPTIKK AS
SENTRUMSUTVIKLING STORD AS
Signatur Management AS
SKAG PROFILERA AS
Skjærgårdservice AS
SPAREBANK 1 SØR-NORGE ASA
SPAREBANK 1 SØR-NORGE FORRETNINGSPARTNER AS
Sparebanken Vest
Stomas AS
Stord Anlegg AS
Stord Apartments AS
Stord Eiendom as
Stord Engineering AS
STORD FISKERISELSKAP AS
Stord Folkehøgskule AS
STORD HAMN
Stord Holding AS
Stord Hotel Drift AS
Stord Innkvartering AS
Stord Kommunale Eigedomsselskap as
Stord Kommune
Stord Mobilkran AS
Stord24 AS
SUBSHORE.NO AS
Sunnhordland Bil AS
SUNNHORDLAND EIENDOMSINVEST AS
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS
Sunnhordland Lufthavn A/S
Sunnhordland Museum
SUNNHORDLAND TAXI AS
Sunnhordland Trafikkopplæring AS
SUSTAINABLE ENERGY AS
Tada AS
TECA AS
TESS VEST AS
Thon Kjøpesenter Vest AS
Tide Buss AS
Toma Facility Norge AS
Tore Bjelland
Tysnes Sparebank
Urt & Ugras AS
Vabakkjen Eiendom AS
Valvatne Bygg as
Valvatne Eigedom AS
Varmthus AS
Velværetunet AS
VERDIG GRAVFERD AS
Vest Lydservice AS
VESTBO BBL
Vestland Fylkeskommune
VETCO GRAY SCANDINAVIA AS
Vevnad AS
Vevos AS
View Ledger AS
W ENGELSEN ETTF AS
Wärtsilä Norway AS
Went Air Solutions AS
WORKSHOP BEMANNING & KOMPETANSE AS
YRMA AS
Ysst Hms
Ytre Sunnhordland Opplæringskontor
Zenit Engineering AS
Zpirit as

Hovudsamarbeids-partnarane

AkerSolutions™

akersolutions.com

Aker Solutions sitt verft på Stord hadde stor aktivitet gjennom heile 2024. I løpet av året vart så godt som alle oppgraderingsprosjekta ferdigstilt, noko som har rusta verftet godt for aktivteten dei komande åra.

Prosjektaktiviteten har vore høg dette året og. Johan Castberg FPSO var på sitt mest hektiske det største pågåande industriprosjektet i Noreg. Med omlag 2500 personar på jobb dagleg, har rundt 6000 menneske vore involvert når me rekna med rotasjonane. Johan Castberg gjekk frå kai i mai for sjøprøvar i Klosterfjorden, før den sette kurs mot Barentshavet.

Tidlig i haust 2024 var den siste av fire modular til Troll Vest Elektrifisering-prosjektet levert. Både dette prosjektet og Northern Lights-prosjektet er no fullførte. Dei to HVDC-prosjekta, Sunrise og East Anglia 3 ruvar inne på verfsområdet. Ein er godt i gong med ferdigstillinga. Prosjekta vil bli levert i løpet av 2025.

På demoleringsanlegget har arbeidet med å demolere Gyda-prosjektet pågått for fullt i 2024. Ved utgangen av oktober vart dette prosjektet ferdigstilt, og arbeidet med å demolere understellet til Ekofisk 2/4G er i gong. Ein er no i ferd med å planlegge ankomsten av dei neste strukturane frå Heimdal- og Veslefrikkfelta, samt Valhall/HOD-strukturar, som er venta å kome i 2025.

Dei neste to åra vil Aker BP-prosjekta Hugin A og Valhall PWP vekse seg store inne på verftet. Felles for begge prosjekta er at dei involverer mange lokasjonar, men samanstillinga vil skje på verftet på Stord.

I 2024 tok me imot 49 nye lærlingar innan 15 ulike fag. Totalt var det 110 personar i lærlingeløpet. Dette er framtidas industriarbeidarar, som me skal ta godt vare på.

HAUGALAND KRAFT

hkraft.no

Stødig kurs i en tid i endring

Verden og samfunnet vi operer i er i endring. Det er noe vi som konsern er nødt til å forholde oss til i kraft av den rollen vi har som leverandør av samfunnskritisk infrastruktur, fornybar energi og telekommunikasjon. Dette krever endringer og investeringer i årene som kommer. Å ha evne til å omstille, samtidig som vi holder fast ved våre langsiktige strategiske retningsvalg er med på å styrke Haugaland Krafts måte å håndtere utfordringer og skape muligheter på. Året 2024 viser at vi navigerer godt i terrenget og fortsetter å levere på vårt samfunnsoppdrag. Vi har ferdigstilt store nettprosjekter, styrket eksisterende infrastruktur, fått godkjent konsesjoner innen fornybar energi og gjennomgått omstillingsprosesser internt.

HMS og inkludering – en del av vårt DNA

Våre ansatte er vår viktigste ressurs. I Haugaland Kraft har helse, miljø og sikkerhet høyeste prioritet, og vi praktiserer en nullvisjon for skader. Selv om det er høyt tempo og økende kompleksitet i bransjen, skal vi aldri gå på akkord med verken sikkerheten, trivselen eller bærekraften i det vi gjør. Derfor jobbe vi systematisk med HMS i alle deler av vår virksomhet.
Vi er opptatt av å skape en trygg og god arbeidsplass, hvor folk opplever mestring, utvikling og tilhørighet.

Å skape et mer inkluderende arbeidsmiljø er kontinuerlig jobbing og noe vi har mye fokus på.

Endringer driver oss fremover

En av våre kjerneverdier er «endringsvillig» som innebærer at vi er nødt til å forholde oss til å forstå det som skjer i verden rundt oss og hvordan vi skal tilpasse vårt oppdrag i den utviklingen som skjer. Gjennom en rekke gode prosjekter og satsinger legger vi et videre godt grunnlag for å kunne levere på vårt samfunnsoppdrag som er å være en pådriver for grønn omstilling gjennom å gi kraft til sterke og bærekraftige lokalsamfunn, også inn i 2025.

Multiconsult

multiconsult.no

2024 var eit år med fleire endringar, som vil gje store moglegheiter for Multiconsult på Stord. Etter vel 8 år som «avdeling Stord» er me no omdøypt til «Energi og Industri». Bak det nye namnet ligg ein klar tanke om at industri- og energiprosjekta til Multiconsult på Vestlandet skal styrast frå kontoret på Stord. Me har i fleire år hatt størstedelen av vår omsetning innan industrisegmentet, for kundar som Hydro, Aker, Mongstad Base og Framo. I tillegg har akvakultursegmentet alltid vore sentralt i vår industrisatsing. Nytt er det derimot at me no tek sikte på å byggja opp ein eigen seksjon som skal handtera energimarknaden, med fokus på damkonstruksjonar og høgspentanlegg. Kraftmangel og høge energiprisar gjer sitt til at energimarknaden vert eit hovudfokus for oss i åra som kjem.

I 2024 gjennomførte Multiconsult oppkjøpet av Petter J. Rasmussen AS i Haugesund, eit lokalt rådgjevings- og arkitektfirma med 15 tilsette, som no inngår i avdeling Energi og Industri. Med det er Multiconsult endeleg etablert på Haugalandet, i ein marknad med potensiale og med svært gode moglegheiter for vekst.

Gjennom året som gjekk har me gjennomført interessante oppdrag for lokale kundar som Aker Solutions, Stord kommune, Hydrogen Solutions, Norsea Logistics og Stord Innkvartering. Dette er oppdrag som sørgjer for både lokal verdiskaping og ikkje minst utvikling – noko me set stor pris på.

Med alt dette som utgangspunkt er det god grunn til å sjå fram til 2025.

SparebankenVest

spv.no

Me gjer livet på Vestlandet betre

Sparebanken Vest er eit uavhengig, børsnotert finanskonsern som i hovudsak driv bank- og finansieringsverksemd i fylka Vestland, Rogaland og Møre og Romsdal. Hovudkontoret ligg i Bergen. Ved utgangen av 2023 hadde banken 36 salsstader. Då Sparebanken Vest vart stifta for over 200 år sidan, var det ein ny måte å tenkje bank på. Banken skulle vere eigd av kundane, og føremålet var å hjelpe dei mange fattige i samfunnet. Trua på at utfordringar vert best løyst i fellesskap var det som skapte oss.

Framleis er det denne tankemåten som driv oss, og i dei urolege tidene vi står i, er dette viktigare enn nokon gong. I dag er vi i stor grad framleis eigd av kundane og samfunnet, og vi kan med tryggleik seie at me gjer livet på Vestlandet betre. Betre for dei som veks opp og etablerer seg. For dei som må bryte ut og gå nye vegar. For dei som har ein draum dei vil følgje. For alle som jobbar hardt, og for bedriftseigarar som skapar arbeidsplassar på Vestlandet. Dette får vi til ved å bry oss om kundane, bidra der folk er, vere enkle å forholde seg til og gi viktige og gode råd på vegen. Fellesskapet gjev oss ei unik kraft til å møte dei store utfordringane. Utfordringane som angår oss alle og som er avgjerande for vår framtid.

Saman gjer vi det betre.

Dagleg leiar

Torbjørn Brosvik er dagleg leiar i Stord Næringsråd. Han er opptatt av regionalt samarbeid og brenn for at Stord Næringsråd skal vere ein viktig aktør for å skape samhandling, bulyst og utvikling. SNR har kontorplass på Kunnskapshuset i Sæ, i andre etasje over Kiwi. Kom gjerne innom for ein god prat og ein kopp kaffi!

Framtid

"Keep calm and carry on" var bodskapen i England under andre verdskrig. Sjølv om det ikkje er så dramatisk no, er det kanskje noko i det for oss og.

I skrivande stund er det mykje usikkerhet i verda, både i høve til forsvar og beredskap, men ikkje minst i høve til økonomisk stabilitet. På Stordkonferansen i 2024 fekk vi høyre litt om korleis det kunne gå dersom Donald Trump kom til makta. No har vi fasiten, og det kan sjå ut som om den overgår spådommane i negativ forstand.

Usikkerheten smittar og inn på investeringsbeslutningar og strategiske val. Korleis kan vi best sikre at bedrifta vår er rusta mot det som kjem fem år framover når det er vanskeleg å sjå berre månadar inn i glaskula?

På Stord har næringslivet gått bra dei siste åra. Mange piler har peika oppover, sjølv om det har vore meir utfordrande i områda rundt oss. Stord Næringsråd ønskjer å legge til rette for at næringslivet på Stord også i framtida skal ha gode rammevilkår. Flott at de vil vere med på laget!

Styretmøte hjå Sparebanken Vest 14. februar.

Stord, 5. mars 2025

Styret i Stord Næringsråd

Odd Naustdal
Styreleiar

Randi Beathe Hovland
Nestleiar

Nina Lovise Langeland
Styremedlem

Einar Almås
Styremedlem

Ingvild Brekke Myhre
Styremedlem

Oddvar Hårde
Styremedlem

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Styremedlem

Resultatregnskap

Tittel	Note	2024	2023
Driftsinntekter			
Salgsinntekt		2 251 865	2 094 515
Annen driftsinntekt		100 000	175 000
Sum driftsinntekter		2 351 865	2 269 515
Driftskostnader			
Varekostnad		-453 148	-605 207
Lønnskostnad	1, 2	-1 228 822	-1 438 524
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	-11 324	-8 493
Annen driftskostnad	4	-414 379	-377 824
Sum driftskostnader		-2 107 672	-1 849 996
Driftsresultat		**244 193**	**-160 532**
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		9 039	0
Annen finansinntekt		2 961	1 607
Sum finansinntekter		12 000	1 607
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		-1 466	-969
Sum finanskostnader		-1 466	-969
Netto finans		**10 534**	**638**
Årsresultat		**254 727**	**-159 894**
Overføringer			
Annen egenkapital		107 857	-13 025
Udekket tap		146 870	-146 870
Sum overføringer		254 727	-159 894

Odd Naustdal
Styreleiar

Randi Beathe Hovland
Nestleiar

Ingvild Brekke Myhre
Styremedlem

Nina Lovise Langeland
Styremedlem

Balanse

Eiendeler	Note	2024	2023
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	3	14 157	25 481
Sum varige driftsmidler		14 157	25 481
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	5	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		64 157	75 481
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	4	4 315	2 623
Andre kortsiktige fordringer		70 112	32 125
Sum fordringer		74 427	34 135
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		637 810	271 939
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		637 810	271 939
Sum omløpsmidler		712 237	306 686
SUM EIENDELER		**776 394**	**382 167**
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	6	306 963	306 963
Sum innskutt egenkapital		306 963	306 963
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	6	107 857	0
Udekket tap	6	0	-146 870
Sum opptjent egenkapital		107 857	-146 870
Sum egenkapital		414 820	160 094
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		66 004	21 607
Skyldige offentlige avgifter		83 653	67 204
Annen kortsiktig gjeld		211 916	133 262
Sum kortsiktig gjeld		361 573	222 073
Sum gjeld		361 573	222 073
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**776 394**	**382 167**

Elisabeth Nonås Fylkesnes
Styremedlem

Einar Almås
Styremedlem

Oddvar Hårde
Styremedlem

Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar

Noter til rekneskap

Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen, som er utarbeidd av selskapet sitt styre og leiing, må lesast i samanheng med årsberetninga. Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggande prinsipp og klassifisering av gjeld følgjer rekneskapslova sine definisjonar. Ved bruk av rekneskapsprinsipp og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, vert det lagt vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form

Rekneskapslov
Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Norge for små føretak.

Rekneskapsprinsipp
Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggande prinsipp og klassifisering av gjeld følgjer rekneskapslova sine definisjonar.

Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt – samanstilling
Inntekter resultatførast som hovudregel når den er opptent. Inntekter som medlemskontingent og sponsormidlar vert fordelt på gjeldande periodar. Utgifter samanstillast med og kostnadsførast samtidig med dei inntektene utgiftene kan førast mot. Utgifter som ikkje kan direkte førast til inntekter, vert kostnadsført når dei påløper.

Fordring
Fordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventa tap.

Note 1
Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2024	2023
Lønn	972 343	1 145 612
Arbeidsgiveravgift	152 598	175 638
Pensjonskostnader	79 568	97 719
Andre relaterte ytelser	24 313	19 554
SUM	**1 228 822**	**1 438 524**

Note 2
Tal årsverk
Talet årsverk sysselsett i rekneskapsåret: 1.

Note 3
Varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar

	Varige driftsmidlar
Anskaffingskost 01.01	33 973
Tilgang i året	0
Avgang i året	0
Anskaffingskost 31.12	33 973
Samla avskriving, nedskriving og reversering av nedskriving	-19 817
Balanseført verdi per 31.12	14 156
Avskrivingar, nedskrivingar og reverseringar av nedskrivingar i rekneskapsåret	11 324

Note 4
Kundefordringar

	2024	2023
Kundefordringar til pålydande 31.12	6 315	4 623
Avsetning til tap	-2 000	-2 000
Kundefordringar 31.12	**4 315**	**2 623**

Kundefordringar er vurdert til pålydande.
Det er avsett kr 2000,- til tap på fordringar.

Note 5
Aksjar i andre selskap

Anleggsmidlar	Anskaffelseskost
Atheno AS	20 000
Hordfast AS	20 000
Sunnfast AS	10 000
SUM	**50 000**

Note 6
Eigenkapital

	Selskapskapital	Opptent eigenkapital	Udekka tap	Sum
Eigenkapital 31.12.2023	306 963	0	-146 870	160 094
Årsresultat	0	107 857	146 870	254 727
Eigenkapital 31.12.2024	**306 963**	**107 857**	**0**	**414 820**

SNR
STORD NÆRINGSRÅD